

Velkommen
til
Halbrend barnehage!



Velkommen til Halbrend barnehage

Så kjekt at de har tatt imot barnehageplass hos oss. Vi gler oss til å bli kjende med dykk. I dette skrivet finn de informasjon om barnehagen og anna praktisk informasjon. Vi skriv også om korleis vi legg opp tida fram mot oppstart og tilvenningsperioden.



Kort om barnehagen

Vi er ein barnehage med fire avdelingar eigd av Sunnfjord kommune.

Avdelingane er:

Himmeblå- 9 barn Alder 0-3 år Tilsette: 1 pedagogiske leiar 2 assistenter/fagarb	Månelys - 12 barn Alder 0-3 år Tilsette: 1 pedagogiske leiar 1 barnehagelærer 2 assistenter/fagarb	Stjernetoppen Alder 3-6 år Tilsette: 1 pedagogiske leiar 1 barnehagelærer 1 assistenter/fagarb	Solstråle Alder 3-6 år Tilsette: 1 pedagogiske leiar 1 barnehagelærer 1 assistenter/fagarb
---	--	--	--

Det er tett samarbeid mellom avdelingane. Dei to storebarn avdelingane samarbeider og dei to småbarn avdelingane samarbeider. Dette kan for eksempel være gjennom grupper på tvers av avdelingane, ved møteavvikling og i ferier. Siste året før skulestart er barna med i "Klubben", der dei 1-2 gonger i veka samlast til leik, læring og sosiale aktivitetar.

Personalet

Vi har 13 stillingar i grunnbemanninga og ein administrativ ressurs på 120%, fordelt på einingsleiar i 100% og assisterande einingsleiar i 20%. I tillegg har barnehagen ein styrkingsressurs på 90% stilling som blir nytta opp mot barn med som treng ekstra hjelp og støtte. Oversikt over kven som jobbar på den avdelinga ditt barn skal gå får de i lag med invitasjon til besøk/oppstartsamtale i barnehagen. De finn meir informasjon om barnehagen på [heimesida vår](#).

Tida fram mot oppstart

I slutten av mai/byrjinga av juni vil de motta invitasjon til ein oppstartsamtale med pedagogisk leiar og einingsleiar/assisterande einingsleiar i barnehagen. Dette er eit godt høve til å dele tankar/spørsmål ein har om barnehagestart for ditt barn.

Tema i samtalen vil være

- informasjon frå dykk om barnet, familien og viktige hendingar i livet til barnet
- informasjon frå oss om barnehagen og kvardagen vår
- moglegheit til å formidle forventingar og ønskjer de har til avdelinga og barnehagen
- moglegheit til å snakke om korleis de opplever at barnet har det no, eventuelt tidligare erfaring med barnehage
- høve for dykk til å stille spørsmål og såleis få meir informasjon om avdelinga og barnehagen

Etter at familieane har vore på besøk, sender vi ut eit velkomstbrev med dato og tidspunkt for oppstart. Vi ønskjer å ha tid til å ta i mot alle barna på ein god måte. Difor fordeler vi starten over ein periode på inntil to veker, alt etter kor mange nye barn det er som skal begynne.

Tilvenning

Det er alltid spennande når eit barn skal begynne i barnehagen. Dei første dagane er det trygt og godt å ha mamma eller pappa med seg. Tryggleik og tilknytning er ein føresetnad for trivsel. Vi ønskjer at de skal få god tid til å bli kjende og trygge.

Det er svært individuelt korleis barn tilpassar seg den nye kvardagen, men det er uansett lurt å sette av minimum tre dagar til tilvenninga. Dette er også vårt utgangspunkt når vi tar imot nye barn og foreldre. Dersom de har betre tid, er dette berre positivt. Av erfaring veit vi at ei gradvis tilvenning er det beste på lang sikt. Det er dei minste barna og dei som ikkje har gått i barnehage før som treng mest tilrettelegging. Vi vil vere i dialog med de som foreldre om kva som er det beste for dykkar barn.

For at barna skal få ein roleg og trygg start, vil dei begynne til ulike tider, fordelt over 2-3 dagar. Det vil vere ein vaksen, ein primærkontakt, som har eit spesielt ansvar for ditt barn og sikre at det blir sett og tatt i vare på best mogeleg måte. I tilvenningsperioden blir primærkontakten spesielt viktig fordi den då har ansvar for å etablere tryggleik og nærheit til barnet, og å hjelpe det med å finne seg til rette i barnehagen. I tillegg skal primærkontakten sørge for god kontakt og kommunikasjon med dykk som foreldre.

Dei fleste barn blir slitne av å begynne i barnehage. Det er ei god investering å ha litt ekstra god tid om morgonen før barnehagen og rolege ettermiddagar heime der barnet får vere saman med dykk som foreldre.

Første dag

Denne første dagen kjem de til avtalt tid. Dagen skal vere kort, ca. 2 timar, og mor eller far må vere med barnet heile tida. Det er viktig for tilvenninga at de aktivt er med på å bli kjend med det nye miljøet, er i rommet under leik og gradvis slepp personalet til så dei kan bli kjende med barnet.

Andre dag

Den andre dagen startar etter avtale med personalet og varer 3-4 timar. Personalet tar då meir av ansvaret for barnet - men framleis er foreldra med ved stell, måltid og legging. De kan etter avtale forlate rommet/barnet ei stund. Dersom barnet skal sove i barnehagen, gjer de avtale med personale på avdelinga.

Frå tredje dag

Utgangspunktet for dei neste dagane vil være korleis det har gått med barnet dei to første dagane. Det beste er å gradvis auke opp til vanleg opphaldstid.

Overgangen til "barnehagelivet", eventuelt ny barnehage, er ein lausrivingsprosess både for barn og foreldre. Det kan opplevast som vanskeleg å overlate barnet sitt til andre ein ikkje kjenner. Det

er lett å bli usikker på om ein gjer det rette for barnet, og om barnet vil trivast og få det godt her. Dette er heilt vanlege og normale kjensler som dei fleste foreldre vil oppleve. Er de usikre - snakk med barnehagen om det, og ikkje med barnet.

Å ta avskjed med barnet

Å ta avskjed kan i starten være ein smerteleg prosess for både barn og foreldre. Mange foreldre vil kjenne på at det er vanskeleg eller vondt å levere frå seg barnet i barnehagen. Dei fleste vil og oppleve at barnet gret ved avskjed om morgonen. I dei fleste tilfelle stilnar gråten fort etter at foreldra er gått og barnet er komen i aktivitet. Er de utrygge eller bekymra etter å ha gått frå eit gråtande barn - ring oss og høyr korleis det går! Vi prøver og å gje dykk tilbakemelding.

Når de skal ta avskjed med barnet er det viktig at det er du som vaksen som har styringa. Fortel barnet at nå skal mamma/pappa gå. Gå aldri i frå barnet utan å sei klart i frå, gje «ha det kos» og klare signal på at du kjem tilbake å hentar. Ikkje spør barnet om det er greit at du går. Utsetting, stadige forhandlingar og usikkerheit frå foreldra si side vil berre gjere ting vanskelegare for barnet. Viss de viser at de er usikre, blir barnet usikkert og tilvenningsprosessen kan ta lengre tid. Det viktige er at barnet erfarer at de:

- ikkje går før de seie i frå
- går når de har sagt at de skal gå
- kjem tilbake etter ei viss/avtalt tid



Anna praktisk informasjon

Utstyr/klede

Barna skal vere kledde slik at dei kan delta i leik og aktivitetar inne og ute. Klesskifte, inne sko, støvlar/vintersko og regnkle/utedress skal dei ha i barnehagen kvar dag. Kvar barn har sin tildelte plass med rom for oppbevaring av skifteklede. Våte dresser og regnklede tørker dårleg i barnehagen og vi ber derfor at de som foreldre sjekkar over regnkle, dresser, huer og vottar ved henting og tar med heim for vask og tørk jamleg og når det er nødvendig. Vi ber også om at de merker ALLE klede, sko, huer og vottar med barnets namn slik at vi alle lettare klarer å halde orden i garderoben.



Sjukdom

Barn som er sjuke skal ikkje vere barnehagen, både av omsyn til det sjuke barnet og at det kan smitte dei andre i barnehagen. Hovudregelen er ein god allmenntilstand, feberfri, gjerne ein feberfri dag før dei kjem tilbake, og at barnet er friskt nok til å vere ute og kan delta i dei aktivitetane som skjer i barnehagen. Dersom barnet har hatt diare/oppkast, skal det vere heime 48 timar etter siste utbrot. Er du i tvil kan du ringe og snakke med personalet. Ver venleg å gje melding og legg inn fråvær i Visma når barna er sjuke eller har fri, innan 9.00 den dagen det gjeld. Vi vil gjerne vite om barnet har sjukefråvære pga smittsomme sjukdommer slik at vi kan informere ut dersom det er behov for det.

Link til folkehelseinstituttet sine informasjonssider om smittevern i barnehage og skule:
<https://www.fhi.no/sv/barnehage/>

Private leikar

Barnehagen ynskjer ikkje at barna tar med private leikar. Vi ser at dette kan være med å skape unødige konflikter både for foreldre og barn, og mellom barn. Kosedyr for bruk ved soving er sjølvsagt lov.

Dagsrytme

7.00 - barnehagen opnar

Ca 8.00 - frukost

9.30 - leik/aktivitetar ute eller inne, samlingsstund

11.15 – hovudmåltid

Ca 12.00 - sove/kvile

12.30 - leik/aktivitetar ute eller inne

14.00 - frukt/knekkebrød

16.30 - barnehagen stenger



Dagsrytmen/tidspunkta kan variere, spesielt inne- og utetider som følgjer ver og årstider. Alle barn er ute minst ein gong kvar dag, men tidspunktet kan varierer mellom avdelingane. Barna får mat og frukt/grønnsaker i barnehagen. Dei som ynskjer frukost må komme i barnehagen **innan 8.30**. Dersom ikkje anna er avtalt, ynskjer vi at barna er komne i barnehagen til kl. 9.30. Alle skal vere henta innan kl.16.30. Den siste halve timen vil avdelinga bli rydda og kosta, sidan arbeidstida vår er slutt 16.30. Dersom barna vært henta for seint, dvs etter 16.30, vil det føre til at det blir fakturert med eit gebyr på 367kr pr gang.

Informasjon frå barnehagen

Kvar avdeling har ein månadsplan med informasjon som blir utsendt til alle heimar. Der finn de informasjon om aktivitetar og innhaldet i barnehagekvardagen. I avdelingane vil de i periodar kunne sjå utstillingar av arbeid og bilete frå aktivitetar som skjer i barnehagen.

Vi nyttar oss av Visma, Min barnehage –app som kommunikasjonskanal mellom barnehage og heim. Her melder de fråvær, sender melding til barnehagen og vi som barnehage sender ut informasjon og beskjeder til foreldre. Appen har ein funksjon, dagbok, der avdelingane kvar fredag legg ut litt om kva dei har gjort den siste veka, med litt bilete.

Barnehagen sin årsplan finn de på våre heimesider.

<https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehage/finn-barnehage/halbrend-barnehage/barnehagen-sine-planar/>

Betaling

Pr 2026 tilbyr kommunen berre 100% plass og gjeldande satsar for betaling pr **01.01.2026** er:

- **Pris for barnehageplass pr måned 700 kr.**
- **Pris for mat pr måned 410 kr.**
- **Gebyr for seint henta 367**
- **august betalingsfri.**



30 % Søskenmodrasjon for barn nr 2. Barn nr 3. eller fleire barn vil være gratis.

Familier med låg inntekt kan søke om redusert betaling og/eller gratis kjernetid. Søknadsfristen for dette er 1.augst viss det skal gjelde frå nytt barnehageår. Du må søke kvart år. Meir informasjon og link til søknadskjema finn du på Sunnfjord Kommune sin nettside: [Pris og betaling for barnehageplass - Sunnfjord kommune](#)

Oppseiing

Barnehageplassen er bindande til den blir sagt opp skriftleg eller barnet byrjar på skulen.


Oppseiingstida er **tre månader**, inkludert oppseiingsmånaden, jf vedtektene § 12.

Oppseiing av plass skal gjerast elektronisk på Visma Flyt barnehage, der de har søkt barnehageplass.

Dersom du ynskjer søke om plass i anna kommunal eller privat barnehage må du søke på nytt ved barnehageopptaket jf § 11 i vedteketene.

Ferie

Barnehagen har ope heile sommaren. Barna skal ha minst tre veker samanhengande ferie innanfor ramma til skulen sin sommarferie, om lag veke 26-33 (20.juni til 18.august), Jf §14 i vedteketer for kommunale barnehagar. Ferien skal meldast til styrar innan 1. april.



Planleggingsdagar

Alle barnehagar er stengde 5 dagar i året p.g.a. planlegging.

Datoane finn de på heimesida vår og Sunnfjord kommune si nettside, <https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehage/planleggingsdagar/>

Link til vedtekter for Sunnfjord kommunale barnehagar: [vedtekter-for-kommunale-barnehagar-i-sunnfjord-kommune.pdf](#)

Foreldresamarbeid

Ein god dialog mellom heim og barnehage er det beste grunnlag for eit godt foreldresamarbeid og skal alltid ha barnets beste som mål.

Kontakt mellom barnehage og heim

Vi ynskjer så langt det er mulig å være digitale i vår skriftlege kommunikasjon med dykk. Vi nyttar Min barnehage-app(visma) og e-post til kommunikasjon mellom heim og barnehage. Appen kan lastast ned via App Store eller Google Play, søk opp «Min barnehage - foresatt». Ein må logge inn ved hjelp av ID-porten og bank-id første gang. Om de treng hjelp til innlogging ta kontakt med einingsleiar eller assisterande einingsleiar.



Hente-/bringesituasjon

Foreldresamarbeid må byggje på gjensidig tillit og respekt. De skal være trygge på at barna har det godt i barnehagen. Den dagleg samtalen ved levering og henting er særskild viktig. Informasjonen som vert delt er viktig for at vi kan møte ditt barn akkurat slik det trenger å bli møtt. De er alltid velkomne til å ta kontakt uansett kva det gjeld, oppsøk personalet og spør etter informasjon. Det er dessverre ikkje alltid vi klarer å være nok til stades for alle når mange barn hentast samtidig.

Foreldresamtaler

To gonger i året oktober/november og mars/april, vert det sett av tid til samtaler der foreldre og pedagogisk leiar kan snakke saman utan at barna er til stades. I samtalene har vi fokus på barnets trivsel, sosial samhandling, utvikling og læring. Dersom det skulle være behov for samtalar mellom foreldre og barnehage utover dette er det berre å ta kontakt.

Foreldremøte

Vi har eitt foreldremøte i året, i aug/sept. Der vert det gitt informasjon om aktuelle tema, kva avdelingane jobbar med og vi ber om tilbakemeldingar frå foreldregruppa.

E-dialog – Elektronisk post– heilt trygt.

Sunnfjord kommunen nyttar e-dialog som sikker digital kommunikasjon, dvs at her kan ein sende alle typer brev sikkert til oss, også om dei inneheld sensitive og teiepliktig informasjon. Meir informasjon og link til innlogging finn de her: <https://sunnfjord.kommune.no/om-oss/send-og-motta-elektronisk-post/send-elektronisk-post-til-kommunen/>.

De finn også ein direkte link til e-dialog nedst på kommunen sin nettside.



Sunnfjord kommune
Halbrend Barnehage

Kontaktinformasjon

Halbrend barnehage
Liavegen 37
6800 Førde

Heimeside: <https://sunnfjord.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehage/finn-barnehage/halbrend-barnehage/>

E-post einingsleiar: eva.omdal.folling@sunnfjord.kommune.no

Mobil einingsleiar: 90 72 36 89

E-post assisterande einingsleiar: kristina.mundal@sunnfjord.kommune.no

Telefon kontor: 45 97 97 98

Himmelblå: 47 46 73 35

Månelyst: 47 46 73 34

Stjernetoppen: 47 46 73 31

Solstråle: 47 46 72 95